



Positivt med engasjement om val av stadnamn, tykkjer Kristian Bringedal.. Her står han på Friheim, med Ulvanåso bak. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen.no har bede kultursjef Kristian Bringedal om å gje ei orientering om namnesaka Hauglandsvegen/Muslandsvegen slik han vurderar ho. Oppsittarar på Haugland har, som vi har meldt før, reagert på framlegget om at namnet på vegen frå Hauglandskryssen og til Fjellandsbø skal vera Muslandsvegen, Her kjem synet til Bringedal

"Alle vegar (private, kommunale, fylkesvegar og riksvegar) som fører fram til meir enn 10 husstandar skal ha namn,- mellom anna for å letta tilkomsten for posten, sjukebilar, brannbilar og anna naudsynt transport. Den kommunale stadnamnemnda innstiller vegnamn overfor Forvaltingskomiteen. Framlegg til vegnamn vert kunngjort i lokalavisa før endeleg avgjer.

Desse er medlemmer i stadnamnemnda:

Johannes Femsteinevik – Hatlestrand

Kaare Skaala – Rosendal

Hermund Fenne – Herøysundet

Sigvald Robberstad – Halsnøy

Johan Fet (kartavdelingen) og Kristian Bringedal (kulturkontoret) er saksførebuuar.

Bakgrunnen for val av vegnamn kan vera:

1. Grenda/bygdelaget vegen fører fram til
2. Den lokale seiemåten
3. Eksisterande skilting

Vegen frå Hauglandskryssen fører fram til Musland/Friheim/Fjellandsbø.
Det er flest husstandar på Musland. Difor Muslandsvegen.

Med bakgrunn i den lokale seiemåten er det sikkert rett å nytta Hauglandsvegen

Musland er skilta frå riksvegen på Nedre Fet

Så kan ein sei at vegen på begge sider av dalen fører fram til Haugland.
Slik sett kunne ein av vegane anten på Kjærlandssido eller på Døsslandssido ha namnet Hauglandsvegen. Det ville vera kunstig. Her er den lokale seiemåten med Kjærlandssido og Døsslandssido sterk og vert mykje nytta.

Ei løysing på dette kan vera at vegen på Haugland, fram til skifte til Musland, vert skilta Hauglandsvegen. Vegen vidare opp dalen vert skilta Muslandsvegen.

Ei anna sak er at Vegvesenet ikkje vil skilta Haugland skulemuseum frå riksvegen, - ettersom dette fører fram til eit stengt museum. Derimot vil dei vurderer å skilta Haugland frå Nedre Fet (der Musland er skilta i dag) Så vil ein nytta serverdigskilt Skulemuseum på plassen.
Då vil det vera ein styrke å skilta Hauglandsvegen og på den måten informera tilreisande om at no er ein komen til Haugland.

Det er positivt med engasjementet om val av stadnamn.
Eg rår til at grenda Haugland sender oss eit skriv på dette.”